



KOMMUNEREFORMA - NYHENDE NR. 7 – DESEMBER 2015

NYTT FRÅ KOMMUNANE

ROMSDAL I Romsdal er det no stor aktivitet omkring ulike alternativ. Tredje sonderingsmøte om Romsdalshalvøya er 4. januar. Det er også arbeid på gong med alternativa Nessel-Sunndal og Aukra-Midsund, samt fleire nabopratrar.

SUNNMØRE Forhandlingsutvala i kommunealternativet som har arbeidsnamnet "Ytre Søre Sunnmøre" (kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid) hadde sitt første fellesmøte 16. desember. Neste møte er 6. januar, og forhandlingar vil truleg starte i februar.



Forhandlingsutvala i Ørsta og Volda hadde sitt tredje møte 18. desember. Dei har lagt møteplan fram til sumaren. Neste møte er 11. januar, og 20.-21. januar blir det felles

kommunestyremøte med kommunereform som tema.



Ny Landkommune – (kommunane Vestnes, Stordal, Norddal, Skodje og Ørskog): Første møte i sonderingsgruppa for

kommunereformprosjektet blei gjennomført i Stordal 16. desember. Framdriftsplan og utfordringspunkt var på agendaen på dette møtet.

NORDMØRE Prosjektleiar Roland Mauseth i Nordmøre regionråd har i desember reist rundt på temamøter med kommunestyra om kommunereforma. Mauseth meiner at kommunane på Nordmøre er godt i gong med arbeidet. Diskusjonane med andre kommunar har så smått starta – og Mauseth har god tru på at kommunane er i rute etter ei felles milepælsplan.

FYLKESMANNEN HAR ORDET

Da har vi lagt bak oss eit år med stor aktivitet i kommunanene våre. Kommunane har teke arbeidet med kommunereforma på alvor, og fylkesmannen kan rapportere til Kommunal- og moderniseringsdepartementet at oppdraget i Møre og Romsdal er i god rute.

Fylkesmannen vil nytte høvet til å rose kommunane korleis dei har teke fatt på arbeidet med kommunereforma. Mykje av grunnlaget blei allereie lagt når kommunane rundt årsskiftet i fjor vedtok plan for prosessen vidare. Planane har vorte redigert og supplert undervegs i arbeidet, og tilpassa til felles milepærar i sine regionar.

Fylkesmannen vil også gje honnør til regionråda i måten dei har støtta, koordinert og leia prosessar for kommunane dette året. Utan eit slikt målretta samarbeid mellom kommunane og regionråda i arbeidet med kommunereforma – hadde nok den einskilde kommune måtte teke mykje meir hand om felles prosessar.

Arbeidet med kommunereforma i Møre og Romsdal har vi delt inn i 3 fasar fram til vedtak våren 2016. No har vi gjort unna fase 1 som var oppstartsfasen hausten 2014, og fase 2 som har vore utgreiingsfasen i 2015. Kommunane er no klare til å starte med fase 3 som er vedtaksfasen.

FORSLAG TIL NYTT INTEKSSYSTEM

- «Dagens inntektssystem belønner kommuner som velger å være små», seier [Jan Tore Sanner](#). Ordføraren i Gjerstad kommune seier at «dette er bare en fordekt tvangssammenslåing» til [Kommunal Rapport](#).

I [forslaget](#) blir basistilskottet erstatta med reiseavstandar og dei distriktpolitiske tilskotta er føreslått å gå til kommunar med distriktsutfordringar, fordelt etter innbyggartal.

KVA HENDER FRAMOVER

- Fylkesmannen si politikaropplæring: 6. jan. Surnadal, 7. jan. Molde, 13. jan. Ålesund, 14. jan. Ulstein

Kontaktpersonsamling: 29. jan. Molde

Fylkesmannen ynskjer dykk ei fredfull julehøgtid og med ønske om eit riktig godt nytt år.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal til med dette takker alle nivå samanhengspartar for høgjekk
takstal og godt samarbeid i det som no har gitt. Vi ønsker alle ei riktig god jul, og sør fram med
et godt nytt og spennende 2016. Det er fortsatt mange utfordringar som vi skal løpe i dag.
Vi ønsker fylkesmannen heldig i arbeid, men har vilt å minne om at dei frivillige
organisasjonane i deira arbeid for flyktningane.

Stopp abonnement

Hvis du ikke lenger ønsker å motta våre
nyhetsbrev kan du
[stoppe ditt abonnement her](#).



Fylkeshuset, 6404 MOLDE - Telefon: 71 25 84 00 - Telefaks: 71 25 81 00 - E-post: fmmrpostmottak@fylkesmannen.no